Førsteblad

P

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Lynging og mosing

Oppskr. av: Andreas Røpeid

(adresse):

Fylke: Hedmark

Herad: Trysil

Bygdelag: Tannånset

Gard: Tannånset nordre

G.nr. 17 Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Ola O. Teppen, vel 90 år. Fødd på Tannånset. Bonde
Olaf Teppen, f. på Tannånset 1903. Lærar og Småbrukar.

SVAR

I, A

1. Det vert illkje sanka lyng nå.
Lyngen var naudfôr, men ein kunne og ta litt av og til for å få variasjon i fôringa.
Det vart illkje tatt lyng under siste verdskrigen.
O.T. kan ikkje hugsa at det vart tatt lyng.

2. Lyngen vart tatt om våren i fôrknipa.
Ein seier å ta lyng, lyngtaksl.

3. O.O.T. tok lyngen med lôvhakke, men truir at rive eller harke (kraftig rive) var det vanlege.

4. Var vel helst mannfolkarbeid.

5. Ingen regla eller røynsle for dette.

6. O.O.T. bar lyngen heim på mês, ofte med ein sekk på.

7. Det var ikkje nokon fast plass for lyngen heime.

8. Ku, geit og hest fekk lyng.
Dei fekk den heil.

9. Dersom lyngen var ung og mjuk, var den godt men ikkje serleg kraftig fôr.

8209

B.

1-4 Lyng som beite ukjent.

II.

1. Det vart slutt med mosesankinga for omlag 10 år sidan.

2. Eine tok mose kvart år, kyrne skulle ha høy, lauv og mose.

3. Ein lika best vått ver. Duskregn heiter måsså-ver.

Mosen skal vera våt.

4. Både mannfolk og kvinnfolk var med på måssă-takst.

Det var buskapen som avgjorde kor lenge ein måtte vera ute på måssă-takst. På Tannåsæt hadde dei 3-4 kyr, kalvar, 5-6 saur og 5-6 geiter. Til desse rekna ein 20 lass for vinteren. Eine rekna med at 1 mann skulle få ihop 2 lass på dagen.

Ein gjekk heim om kveldane.

5. Ein tok mosen med rive rafse, ei rive. Ein raka ihop med riva.

Ein seier rafse eller ta måssă, vera på måssă-takst.

6. Mosen vart ikkje boren heim med ein gong.

7. Ein bar mosen saman med hendene eller med rafsa og la den saman i eit lass. På bakken la ein ein handspik og over den ŭnnbön. dvs. bjørktopp eller hua furustommer 2-3 m. lange og stive. 2/3 av handspikane, som låg ni tvers av ŭnnbönen, måtte vera fri. Oppå dette

8209

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

la ein så mosen og jorde den som eit lass.
Det var ikkje noko dekke over lasset.
Det var heller ikkje noko merke på lassa.
Det var ikkje noko gyrding av lassa.

8. Det var ikkje vanleg å kunne moselassa,
Ein kjørte heim det ein makta på første
snøen om hausten. Resten tok ein når
ein trong det og hadde tid. Dersom ein
då ikkje makta å bryte laus lasset
med handspikken, kunne ein festa drag-
hømulen til handspikken og kjøre lasset opp.

9. Mosekjøring er ikkje fellesarbeid.

10. Mosen låg ute i fjøskvea.

11. Det var helst kyrne som fekk mose.
Dei fekk den bar

12. Mosen er godt fôr.

Anna mose

1. Det var vanleg med brødmose til grisen,
men korkje O.O.T. eller O.T. veit kor[illegible]
grisen fekk den. Trur den vart kokt i
lag med eitkvart anna

2. Det vart tatt litt lav av og til.
Ein tok oftast kvisten.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

8209